



Av naturlege grunnar har det drøya litt med vårblomeprakten i vegskråninga på Haugland denne våren. Men no er det skjedd ein liten eksplosjon og Arne Terje, Mari, Håvard og Anne Kjersti kan nok ein gong vera stolte over blomebedet som dei har ordna og som det ikkje finst maken til i Uskedalen.

I dei to hagane deira med tilstøytande område har dei 250 kvadratmeter med vårblomar.

10 slags laukblomar pryder vegskråninga som snart er dekt med snøkløkkar og krokus.

Dei neste som kjem er påskeliljene og så står kvitveisen for tur.

Vanlegvis varar vårbløminga på Haugland frå slutten av januar til slutten av april. I år kom prosessen naturleg nok noko seinare.

Men no tek naturen tydelegvis att det forsømte.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

